

Protokoll frå styremøtet i Språkrådet 12. november 2009

- Til stades:* Ida Berntsen, Jan Olav Fretland, Tor Fuglevik (ikkje sakene S 12.5, S 12.6, S 12.7, S 12.8, S 13.1, S 13.2, S 13.4, S 13.5, S 13.6, S 13.7, S 13.8, S 14.2 og S 14.3), Ottar Grepstad, Jan Hoel, Silje Solheim Karlsen (ikkje sakene S 12.7, S 12.8, S 13.1, S 13.2, S 13.4, S 13.5, S 13.6, S 13.7, S 13.8, S 14.2 og S 14.3) og Magni Øvrebotten (ikkje sakene S 13.5, S 13.6, S 13.7, S 13/8, S 14.2 og S 14.3)
- Frå fagråd 3:* Sekretær Marit Hovdenak og nestleiar Oddrun Grønvik frå fagrådet for normering og språkoobservasjon (sak S 12.4)
- Frå sekretariatet:* Torbjørg Breivik (sak S 12.7), Marit Hovdenak (sak S 13.2), Sylfest Lomheim (direktør) (ikkje sak S 12.9), Eilov Runnestø (rådgjevar) (ikkje sak S 12.9) og Karl Henrik Steinsholt (administrasjonssjef) (ikkje sak S 12.9)
- Møtestad:* Språkrådet, Observatoriegata 1 B, Oslo
- Møteleiar:* Berntsen
- Referent:* Runnestø
- Møtetid:* Kl. 9.00–16.00

Sakliste:

Vedtakssaker

- S 12.1/09 Førebels protokoll frå styremøtet 17. september 2009
- S 12.2/09 Rekneskap per 30. september 2009
- S 12.3/09 Verksemdsplanen 2009, status
- S 12.4/09 Revisjon av nynorskrettskrivinga
- S 12.5/09 Språkmøtet, morsmålsdagen
- S 12.6/09 Høyrings sak: Reform av gudstenestelivet, nynorsk- og bokmålsliturgien
- S 12.7/09 Språkbanken
- S 12.8/09 Nye fagrådsmedlemmer (for Grete Faremo og Hadia Tajik, fagråd 1 og Tor Fagerland, fagråd 2)
- S 12.9/09 Forlenging av styreperioden; prosess for å tilsetja ny direktør

Informasjonssaker

- S 13.1/09 Personalsaker, nye stillingar
- S 13.2/09 Språkdagen 2009, oppsummering
- S 13.3/09 Budsjettmøtet i departementet 22. oktober, orientering ved styreleiaren og direktøren
- S 13.4/09 Normeringsregimet, status
- S 13.5/09 Om uheldige følgjer av sein styreprotokoll. Brev til styret frå styrerepresentantar i sekretariatet
- S 13.6/09 Frå fagråda
- S 13.7/09 Taleattkjenningsteknologi i helsesektoren (måljamstilling i programvare)
- S 13.8/09 Annan informasjon

Eventuellsaker

- S 14.1/09 Dato for rundebordskonferansen
- S 14.2/09 Ein språkdipomat til Språkmøtet 22. februar 2010?
- S 14.3/09 Om Nasjonal digital læringsarena (NDLA)

Styreleiaren melde at sekretæren og nestleiaren i fagrådet for normering og språkobservasjon, Marit Hovdenak og Oddrun Grønvik kom på sak S 12.4/09 og Marit Hovdenak dessutan på sak S 13.2/09.

Jan Olav Fretland føreslo at Torbjørg Breivik blir med på sak S 12.7/09.

Styreleiaren melde éi og Ottar Grepstad to eventueltsaker.

I samband med at Det Norske Samlaget og Norsk Ordbok 2014 gav ut band 8 av Norsk Ordbok, hadde styret sagt ja til å vera til stades på markeringa 12. november i Litteraturhuset.

Vedtaksaker

S 12.1/09 Protokoll frå styremøtet 17. september 2009

Sakspapir: Den førebelse protokollen frå septembermøtet

Vedtak: *Styret godkjende den framlagde protokollen med ei redaksjonell endring.*

S 12.2/09 Rekneskap per 30. september 2009

Sakspapir: Rekneskapsrapport per 30. september 2009
Notat frå sekretariatet 2. november 2009
Brev frå Kultur- og kyrkjedepartementet 22. oktober 2009

Styreleiaren informerte frå etatsstyringsmøtet ho og direktøren var på i departementet 22. oktober, jamfør sak S 13.3/09.

Vedtak: *Styret vedtok rekneskapen med desse tilleggsvedtaka:*

Styret ber om månadsrekneskap per 31.10. og 30.11.

Styret reknar med at postar med overforbruk per 30.9. blir salderte mot postar med underforbruk.

Styret ber om oversikt over kritiske prosjekt frå eksterne leverandørar.

Styret pålegg sekretariatet å føra jamleg og nøyaktig kontroll over utbetalingar og komande utgifter, slik at resultatet ved årsslutt ikkje overskrir budsjett-rammene.

S 12.3/09 Verksemdsplanen 2009, status

Sakspapir: Avvik på verksemdsplanen per 2. november 2009 frå sekretariatet

Sekretariatet fekk spørsmål om kvifor det ikkje har vorte stilt krav om brukarflate på bokmål og nynorsk i anbodet som er lagt ut om elektronisk arkiv- og saksbehandlingssystem. Anbodsteksten burde også vore lagd fram for styret.

Vedtak: *Direktøren og administrasjonssjefen tek opp denne saka med Kulturdepartementet og kjem attende til ho på neste møte.*

Styret godkjende elles verksemdsplanen med dei avvika det er informert om.

S 12.4/09 Revisjon av nynorskrettskrivinga

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. november 2009 vedlagt
liste over moglege medlemmer til rettskrivingsnemnd (framlegg i tidlegare sakspair) – u.off.
liste over moglege medlemmer til rettskrivingsnemnd (framlegg hausten 2007 og nokre nye namn) – u.off.
Framlegg til rettskrivingsnemnd frå fagrådet for normering og språkobservasjon, 11. november – u.off.

I brev 17. september 2009 hadde Kulturdepartementet gjeve klarsignal til å setja i gang arbeidet med gjennomgang av nynorskrettskrivinga. På styremøtet no presenterte nestleiareren i fagrådet for normering og språkobservasjon, Oddrun Grønvik, framlegget frå rådet til samansetjing av ei rettskrivingsnemnd.

Styret og dei to fagrådsrepresentantane drøfta deretter kven og kor mange som bør sitja i nemnda, sjølve arbeidsprosessen med norma og korleis ein kan skapa forståing for og oppslutning om normendinga.

Vedtak: *Styret gjev medlemmene Fretland, Grepstad og Øvrebotten saman med sekretariatet i oppdrag å førebu ei sak på grunnlag av denne drøftinga til styremøtet 16. desember. Øvrebotten leier gruppa.*

S 12.5/09 Språkmøtet 2010

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 30. oktober 2009
Presseklipp frå Dagbladet 24. februar 2009

Vedtak: *Styret sluttar seg til framlegget frå direktøren om å etablera ein tradisjon med Språkmøtet kvar 21. februar, Unescos internasjonale morsmålsdag.*

Eit fast innslag på møteprogrammet skal vera presentasjon av språkbarometeret for det føregåande året.

Språkmøtet i 2010 blir lagt til måndag 22. februar.

S 12.6/09 Høyrings sak: Reform av gudstenestelivet, nynorsk- og bokmålsliturgien

Sakspapir: Framlegg til ny ordning for hovudgudstenesta i Den norske kyrkja:
<http://www.kirken.no/?event=downloadFile&FamID=82288> (nynorsk)
<http://www.kirken.no/index.cfm?event=downloadFile&famID=57054>
(bokmål)
Utkast til høyringsfråsegn frå sekretariatet 2. november 2009:
Brev til Kyrkjerådet med generelle merknader
 Vedlegg 1 (nynorskliturgien)
 Vedlegg 2 (bokmålsliturgien)

Sidan merknadene frå Språkrådet gjeld *språket* i liturgien, har sekretariatet gjort avtale med Kyrkjerådet om å senda inn merknader etter at den ordinære høyringsfristen er ute.

Vedtak: *Styret gjorde nokre redaksjonelle endringar og sluttar seg elles til utkastet med språklege endringar i nynorsk- og bokmålsliturgien.*

S 12.7/09 Språkbanken (jf. S 7.4/09)

Sakspapir: Notat frå sekretariatet 2. november

Jan Olav Fretland gav ei grundig innføring i arbeidet med etablering og utvikling av Språkbanken. Styret registrerer at Nasjonalbiblioteket ikkje har teke kontakt med Språkrådet før dei sende svaret sitt til departementet, datert 30. september 2009 (jf. S 7.4/09).

Vedtak: *Styret utarbeider eit notat til Nasjonalbiblioteket med Språkrådets kommentarar til forslaget. Torbjørg Breivik og Jan Olav Fretland lagar notatet. På grunnlag av det blir det halde eit møte med Nasjonalbiblioteket. Frå Språkrådet møter styreleiar Ida Berntsen, styremedlem Jan Olav Fretland og direktør Sylfest Lomheim.*

S 12.8/09 Nye medlemmer i fagrådet for samfunn og høgare utdanning og fagrådet for skule og offentleg forvaltning

Saka gjeld: Grete Faremo og Hadia Tadjik har gått ut av fagrådet for samfunn og høgare utdanning (fagråd 1), Tor Fagerland frå fagrådet for skule og offentleg forvaltning (fagråd 2).

Vedtak: *Medlemmer i fagrådet for samfunn og høgare utdanning: Direktøren sender framlegg på e-postsirkulasjon i styret. Det blir gjort endeleg vedtak på møtet i desember.*

Medlem i fagrådet for skule og offentleg forvaltning: Forskjingsjournalist Lisa Olstad, Informasjonsavdelinga, NTNU, blir ny medlem.

S 12.9/09 Forlenging av styreperioden; prosess for å tilsetja ny direktør

Sakspapir: Brev 21. oktober 2009 frå Kulturdepartementet til styreleiaren

Kulturdepartementet ynskjer at styreperioden, som skulle ha gått ut 31. desember 2009, blir forlengd til 31. desember 2010. Styret er viljug til å fungera i eitt år til.

Departementet ynskjer vidare å samarbeida med styret om utlysingsteksten for direktørstillinga.

Vedtak: *Styreleiaren sender utkast til stillingsutlysing på e-post til styret med mål om at framlegget til tekst skal vera klart frå styret si side til 1. desember 2009.*

Informasjonssaker

S 13.1/09 Personalsaker, nye stillingar

Direktøren orienterte om at
det er lyst ut stilling som stadnamnsekretær for Midt-Noreg
det er lyst ut stilling som rådgjevar med samfunnskontakt
det er lyst ut ei fast stilling som rådgjevar med bokmålsrettskriving som viktig arbeidsfelt

Styret tok sakene til orientering.

S 13.2/09 Språkdagen 2009, oppsummering

Fagrådssekretær Hovdenak var med då styret oppsummerte inntrykka etter Språkdagen 2009 på Grand Hotel i Oslo.

Dagen fekk lovord i styret. Det var breidd i foredraga. Det er eit vesentleg poeng at kvart av dei ikkje bør vara lenger enn dei gjorde. Det bør vera høve til minst ein halvtimes diskusjon ein stad i programmet, og pausane bør vera noko lengre. Programleiinga var god. På deltakarlista bør styremedlemmene representera styret i Språkrådet.

Styret tok elles saka til orientering.

S 13.3/09 Budsjettmøtet i departementet 22. oktober, orientering ved styreleiaren og direktøren

Denne saka vart behandla under S 12.2/09.

S 13.4/09 Normeringsregimet, status

I denne saka er det ikkje noko nytt. Språkrådet manglar framleis fullmakt frå departementet for å driva normering.

Styret tok saka til orientering.

S 13.5/09 Om uheldige følgjer av sein styreprotokoll. Brev til styret frå styrerepresentantane i sekretariatet

Sakspapir: Brev 29. september 2009 til styret frå styrerepresentantane Jan Hoel og Marit Hovdenak

Styret tok saka til orientering.

S 13.6/09 Frå fagråda

Sakspapir: *Frå fagråd (1) for samfunn og høgre utdanning:*

Referat frå møtet 16. september

Frå fagråd (2) for skole og offentleg forvaltning:

Referat frå møtet 25. september vedlagt presseklipp om fagrådsmøtet
i Firda 28. september 2009 og i Firda Tidend 30. september 2009

Innkalling til møte 10. november

Frå fagråd (3) for normering og språkobservasjon:

Referat frå møtet 9. september

Til referatet frå fagråd 2, sak 4: Styret minte om at ei eventuell høyringsfråsegn om lærarutdanninga skal leggjast fram for styret.

Til referatet frå fagråd 3, sak 34: Normeringsprinsippa for språket i Nynorsk pressekontor er eit språkpolitisk utspel som styret vil følgja med i.

Styret tok elles sakene til orientering.

S 13.7/09 Taleattkjennings teknologi i helsesektoren (måljamstilling i programvare) (jf. S 10.9/09)

Sakspapir: Brev 21. september 2009 frå Helse og omsorgsdepartementet til Språkrådet
Oversendingsbrev 28. september 2009 frå Kulturdepartementet vedlagt
brev 22. september 2009 frå Helse- og omsorgsdepartementet til
Kulturdepartementet

Styret tok saka til orientering.

S 13.8/09 Annan informasjon

Direktøren orienterte om

- det årlege språkmøtet i NRK, der standardtalemål hadde vore tema
- det europeiske språkmøtet i Dublin
- det første nummeret i den nye skriftserien frå Språkrådet (som kjem før jul)

Utdelte presseklipp om

- debatt i Aftenposten om standardtalemål i NRK
- engelsk som det nye studiespråket
- ordlista Kansellisten frå Språkrådet

Eventuellsaker

S 14.1/09 Rundebordskonferanse om pressespråk og pressepolitikk

Vedtak: Det vart bestemt at rundebordskonferansen, som vart drøfta på førre styremøte (S 9.10/09), skal haldast 25. februar 2010.

S 14.2/09 Ein språkdiplomat til Språkmøtet 22. februar 2010?

Grepstad fortalde at Ivar Aasen-tunet hadde feira tjuetårsdagen for rivinga av Berlin-muren med foredrag om språk i Europa av den norske språkdiplomaten Sigve Gramstad. Han er nestleiar i Europarådets ekspertkomité for pakta om minoritetsspråk. Rådet har arbeidd med vern av regions- og minoritetsspråk frå 1989.

Grepstad føreslo å invitera Gramstad til Språkmøtet 2010 (jf. sak S 12.5/09), eventuelt til eit fagleg påfyll-møte i sekretariatet. Til dagleg er Sigve Gramstad leiar for Statsarkivet i Stavanger og har tidlegare vore kultursjef i Bergen og ekspedisjonssjef i Kulturdepartementet.

S 14.3/09 Om Nasjonal digital læringsarena (NDLA)

No har 18 av 19 fylkeskommunar gått i lag om å nytta læremiddel frå Nasjonal digital læringsarena i den vidaregåande opplæringa, sa Grepstad, som peikte på at kvaliteten på språket i læremidla er under all kritikk. Han bad styremedlemmene sjå på omtalen av nokre av læremidla, til dømes det som står om kroppsøving.

Oslo, 16. desember 2009

Ida Berntsen
leiar

Sylfest Lomheim
direktør